



Statens vegvesen

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Sundal / 53650168

Vår referanse:
17/413-4

Dykkar referanse:
18/354-9

Vår dato:
10.08.2018

Uttale til offentlig ettersyn av kommunedelplan sin samfunnsdel 2018–2030

Me syner til dykkar oversending, 10.07.18, av kommuneplanen sin samfunnsdel til uttale.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Interessa vår kjem inn under fleire av tema i samfunnsdelen, blant desse er spesielt bustadutvikling og samferdsel. Vi ser at viktige tema under dette er komen med i samfunnsdelen

Vår uttale til samfunnsdelen

- *«Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging»*, er tydeleg på at det skal leggjast opp til ein bustadutvikling som reduserer transportbehovet, fremjar miljøvenleg transportval og som reduserer klimagassutslepp. Samfunnsdelen er konkret på at kommunen skal arbeide for at utbyggingsområde vert lagt i gangavstand til viktige offentlege tenester.
- I plan- og bygningslova er det i føremålsparagrafen teke med prinsipp om universell utforming. Vi merkar oss at det i samfunnsdelen står at det skal leggjast til grunn i all planlegging.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Eitrheimsvegen 160
5750 ODDA

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Samfunnsdelen legg opp til at rekkefølgekrav skal sikra gode og trafikksikre løysingar i nye utbyggingsområde og at kommunen skal arbeide for betre kollektivtilbod og grunnlag for utbygging av gang og sykkelveggar.
- Det er viktig og bra at det i samfunnsdelen er sett at formålet med planarbeidet er at det skal styrke kommunen i arbeid og førebuing for nye moment og utfordringar som følger i samband med ny E39.

Utover dette har Statens vegvesen ingen særskilte merknadar eller tilbakemeldingar til samfunnsdelen og ser fram til eit godt samarbeid i vidare planarbeid med kommunen.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonsleiar

Eva Sundal
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN